



# SURNADAL KOMMUNE

## MELDING OM HOGST I VERNSKOG

Skogeigar er ansvarleg for at melding om hogst i vernskog blir sendt inn seinast to veker for hogsten skal setjast i gang. Hogst kan ikkje setjast i gang før det er gjeve tilbakemelding frå kommunen.

### Opplysning om søkjar:

Skogeigar sitt namn:	Adresse:	
Postnr. / Poststad:	Telefon:	Eiend. hovednr. (gnr/bnr):

### Opplysning om hogsten sin beliggenhet:

Teig nr. / teignavn iflg. skogbruksplan:	Bestandsnr. i skogbruksplan:
Nærare omtale av hogstfeltet sin beliggenhet:	Høgde over havet:

### Opplysning om hogsten:

Hogst-start, dato:		<b>Hogstform:</b> <input type="checkbox"/> Flatehogst <input type="checkbox"/> Frøtrestillingshogst <input type="checkbox"/> Fjellskoghogst / tynning <input type="checkbox"/> Vedhogst for slag	
Når vil hogsten være avslutta:		<b>Foryngelsesmetode:</b>	
Hogst - kvantum:		Planting: <input type="checkbox"/> Treslag:..... Naturleg: <input type="checkbox"/> Treslag:.....	Skal hogsten foregå helt inn til naboeigedom: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Hogstomfang i dekar (ca.):		<b>Kven skal utføre hogsten / drifta:</b> <input type="checkbox"/> Eigar <input type="checkbox"/> Skogeierforening <input type="checkbox"/> Andre	
Sted		Dato	
		Signatur/underskrift	

### For kommunen si behandling:

Meldinga motteke, dato:		<input type="checkbox"/> Det blir gjeve løyve til hogst slik som meldt.
Løyve til hogst gjelder fram til, dato:		<input type="checkbox"/> Det blir gjeve løyve til hogst etter vilkår. Sjå nedanfor.
		<input type="checkbox"/> Behandling / avgjersle av meldinga blir utsett for synfaring m.v. Sjå nedanfor for ytterlegare kommentar.
Merknader, pålegg, vilkår for godkjenning m.v:		
Sted		Dato
		Underskrift av kommunen / Stempel

*Sjå ytterlegare informasjon på baksida.*

## **Orientering om VERNSKOGFORVALTNINGA I SURNADAL KOMMUNE.**

I medhald av skogbrukslovens §§ 32 og 33 har Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal, den 15.12.97, vedtatt ny vernskoggrense og nye retningslinjer for skjøtsel og drift av vernskogen i Surnadal kommune. Bestemmelsene gjeld frå 1. februar 1998. Eit utdrag av bestemmelsene er gitt nedanfor.

### **MELDEPLIKT**

All planlagt hogst i vernskogen unntatt ved til husbehov skal meldast til skogoppsynet/skogbrukssjefen seinast 14 dagar før hogsten er tenkt sett i verk. Meldinga skal m.a. innehalda opplysningar om kvar og når hogsten skal gå føre seg, storleiken på driftskvantumet og kva driftsmåte som skal nyttast. Meldinga skal fortrinnsvis skje ved at dette skjemaet blir innsendt i utfylt stand. Skogoppsynet/skogbrukssjefen pliktar straks å gje svar tilbake om hogsten blir tillaten og kva vilkår som eventuelt blir sett. Tilbakemelding må vere motteke før hogsten blir sett i verk.

### **SKJØTSEL OG DRIFT I VERSKOG**

Generelt må det leggast avgjerande vekt på at vernskogen skal ta vare på sin funksjon som klimatisk vern for område som ligg nedafor, og at ein sikrar at ny skog kjem opp att snarast råd er. Ein må og sjå til at dei økologiske tilhøva ikkje blir vesentleg endra.

Flatehogst må berre skje i den nedre delen av vernskogbeltet, dvs. i den produktive delen (produksjon meir enn 0,1 m<sup>3</sup> pr. dekar og år).

Hogstflatene må leggjast slik at dei "glir inn i terrenget" og ikkje verkar visuelt skjemmaende.

Det må leggjast vekt på naturlege avgrensingar og at ein sikrar stormsterke hogstkantar. Ein bør unngå flatehogst på klimatisk utsette stader som t.d. knausar og åsryggar og der kaldlufta vil samla seg (bekkedrag, søkk o.l.). Det same gjeld der det er så bratt at det kan bli fare for ras. I områda ovanfor den produktive skogen må det berre hoggast enkelttre der forynginga alt er sikra. Den øvste delen av skogen skal vere urørt.

Ved hogst i vernskogen må ein alltid spara store og særmerka tre, beitefuruer, gadd o.l.

I vernskogen der naturen si evne til å reparere terrengskadane er svakare enn elles, er det særskild viktig å unngå skadar på markvegetasjonen og lausjordlaget. Ein må såleis nytte driftsmåtar som tek omsyn til dette. Dersom det blir skadar, må desse reparerast snarast så vel for syns skuld som for å hindra erosjon.

For å sikra at framtidsskogen tåler klimaet på staden er det sikrast med naturleg forynging. Men der dette ikkje er råd å få til, må ein plante med planter som er av ein proveniens som er hardfør nok.

### **ORIENTERING**

I kommunen er det skogbrukssjefen som forvaltar disse bestemmelsene. De fullstendige bestemmelser om vernskogforvaltningen saman med kart over vernskoggrensene ligg hos lensmannen og skogbrukssjefen.

Dersom den planlagde skogsdrifta forutsetter vegbygging, skal det søkast om løyve etter "Forskrift om planlegging og godkjenning av veger til landbruksformål." Skogbrukssjefen kan gi nærare orientering.